



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Adresseliste

Region Vest
Naustdalsvegen 1 B

Postboks 53
6801 FØRDE

Telefon: 57 83 36 50
Telefaks: 57 83 36 51
E-post: rv@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Vår dato: **25 APR. 2008**
Vår ref.: NVE 200802355-2 kti/oegr
Arkiv: 312 /087
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Katarina Eftevand
57 83 36 74

Daleelva kraftverk i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane fylke – søknad om løyve til utbygging – offentlig høyring

NVE har motteke søknad frå Per Jarle Myklebust, datert 15.04.2008, om løyve til å byggje Daleelva kraftverk i Gloppen kommune.

Søknaden gjeld utnytting av vassfallet i Daleelva, overføring Ytste Stølselva til Daleelva og bygging av Daleelva kraftverk. Inntaket til kraftverket skal plasserast på kote 422 og kraftstasjonen på kote 323. Ytste Stølselva skal overførast gjennom eit 180 m langt nedgrave røyr. Installert effekt i kraftstasjonen blir på 2,4 MW og årsproduksjonen er utrekna til 9,10 GWh.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vrl. § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/smaakraft, og vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Om papirutgåve av søknaden er ønskeleg, kan ein kontakte søkjar på tlf. 48 00 76 02.

NVE ber Gloppen kommune leggje to eksemplar av søknaden, så snart som mogleg, til offentlig gjennomsyn i kommunehuset fram til **20.juni 2008**. Det eine eksemplar kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar), medan det andre ikkje må fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegnar vert sendt oss elektronisk via www.nve.no/smaakraft så snart som mogleg og seinast innan **20.juni 2008**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til rv@nve.no eller per post til: NVE, Region Vest, Boks 53, 6801 Førde.

Fråsegner eller delar av fråsegna, vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det blir utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.



Med helsing

G. Brakestad

Gunnstein Brakestad
regionsjef

Ivar Sægrov
Ivar Sægrov
seniorrådgjevar

Vedlegg: 1. Adresseliste
 2. Informasjonsark
 3. Kopi av kunngjering
Kopi u/vedlegg 1. Per Jarle Myklebust, 6826 Byrkjelo

Adresseliste:

1. Gloppen kommune, Heradshuset, 6823 SANDANE
2. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
3. Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER
4. NJFF Sogn og Fjordane v/Svein Arne Forfod, Marcus Trahnesgt. 13, 6993 HØYANGER
5. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane v/Jon Farestveit, Åbergevegen 20, 6865 SOGNDAL
6. Sogn og Fjordane Turlag, Postboks 10, 6800 Førde
7. Statens Vegvesen Region Vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
8. Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane, Postboks 365, 6902 FLORØ
9. Sogn og Fjordane Bondelag, Postboks 153, 6801 FØRDE
10. SFE Nett As, Bukta, 6823 SANDANE



RUTINER FOR SAKSHANDSAMING VED SØKNAD OM KONSESJON ETTER VASSRESSURSLOVA § 8 DER NVE KAN GI LØYVE

Generelt

NVE har heimel til å gi løyve i saker som ikkje gjelder kraftproduksjon og i saker som gjeld små kraftverk (installert effekt under 10 MW), medan løyve til større kraftutbyggingar vert gjeve av Kongen i statsråd.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gi løyve og rettar seg mot høyringsinstansane med føremål å gi ein samla oversikt over kva som er ønskeleg at vert lagt vekt på i fråsegn frå dei offentlege forvaltningsorgana.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE publiserer søknaden med vedlegg på www.nve.no/smaakraft når saka vert send på høyring.

NVE sender samstundes høyringsbrevet til dei kommunane, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK) og interesseorganisasjonar som saka vedkjem, ev. òg til statlege forvaltningsorgan som saka vedkjem. Saka vert kunngjort i ei eller fleire aviser i distriktet og kommunen legg søknaden ut på eit eller fleire offentleg kontor der den kan studerast, ev. lånast. Vedlagte adresseliste viser kva høyringsinstansar som mottar høyringsbrevet.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE avsluttar handsaminga. Som eit ledd i handsaminga følgjar ei synfaring der dei som har uttala seg inviterast til å delta.

Ved ei totalvurdering av saka står NVE fritt til å vurdere om konsesjon skal tilrådest og i kva utstrekning. Søknaden og innkomne fråsegner er viktige grunnlag for denne vurderinga.

Dersom NVE gjev konsesjon, kan det knytast vilkår til dette, jf. vrl. § 26. Vilkåra kan omfatte reglar om byggjefristar, reguleringshøgder, vasslepping, godkjenning av planer m.o.t. miljø og tryggleik, tersklar, erosjon, naturforvaltning, fornminne og sanksjonsbestemmingar ved eventuelle brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Dersom det er søkt om løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk og/eller for høgspenst overføringsanlegg, vil NVE gi naudsynte konsesjonar samstundes med at vassressurslovsaka er endeleg avgjort.

Kva forventast av høyringsinstansane ?

Føremålet med høyringa er å få synspunkt på dei framlagde planane. Det er ynskeleg med grunngitte synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller avgrensingar i planane. NVE ynskjer òg grunngitte forslag til avbøtende tiltak som kan redusere skadene ved gjennomføring av planane, òg forslag til ev. vilkår.

NVE ventar at kommunen spesielt omtalar tilhøve knytt til kommuneplanen. I tillegg bør kommunen gi ei oversiktleg framstilling av tilhøvet mellom den framlagde planen og dei lokale interessene.

FM bør i si fråsegn legge særleg vekt på tilhøva omkring forureining, landbruk og miljø (til dømes biologisk mangfald). FK bør tilsvarende leggje vekt på kulturminne.

Vi føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/smaakraft. I tillegg er det mogleg å sende fråsegner per post, NVE, postboks 5091, Majorstua, 0301 Oslo, eller e-post til nve@nve.no.

Kunngjering

Myklebust Energi AS – Søknad om løyve til utbygging av Daleelva kraftverk i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane fylke

NVE har motteke søknad frå Per Jarle Myklebust om løyve til utbygging av Daleelva kraftverk i Gloppen kommune.

Prosjektet omfattar utbygging og drift av kraftverk i Daleelva. Inntaket skal etter planane plasserast på kote 422 og kraftstasjonen byggjast på kote 323. Tiltaket medfører overføring av Ytste Stølselva til Daleelva gjennom eit 180 m langt, nedgrave røyr. Installert effekt i kraftverket vil vere 2,4 MW og årleg produksjon er utrekna til 9,10 GWh.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap.3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov.

Søknaden er lagt ut til offentleg ettersyn i kommunehuset i Gloppen kommune fram til høyringsfristen går ut. Fråsegner til søknaden skal sendast til NVE, Region Vest, Boks 53, 6801 Førde eller elektronisk til kace@nve.no så snart som mogleg og seinast innan **20.juni 2008**.
